



# ÅRSMELDING 2018

## FOR

### BYKLE OG FJELLGARDANE KYRKJELYD



## ÅRSMØTE SUNDAG 10. MARS 2019 KL. 11.00

(etter gudstenesta kl 10.00 i Bykle kyrkje)

Årsmøtet er ein stad der du kan ta opp det du er oppteken av i kyrkjelyden.  
Det er eit informasjons- og diskusjonsmøte, det er ikkje godkjenning av saker / val.

Alle hjarteleg velkomne


# Bykle sokneråd – Årsmelding 2018

## Innhald:

- |                                |       |
|--------------------------------|-------|
| 1. Organisering av kyrkja      | s. 2  |
| 2. Tilsette og personalansvar  | s. 3  |
| 3. Kyrkjelydsarbeid            | s. 4  |
| 4. Kyrkjer                     | s. 8  |
| 5. Kyrkjegardar                | s. 9  |
| 6. Økonomi                     | s. 9  |
| 7. Planar for 2018 og framover | s. 9  |
| 8. Takk                        | s. 10 |

## Årsmeldingar frå:

- Prostidiakonen i Otredal
- Kyrkjemusikk v/organisten
- Fjellgardane sundagsskule
- Bykle KFUK-KFUM
- Bykle- og Fjellgardane barnekor



## 1. Organisering av kyrkja

Bykle sokn er eiga juridisk eining med soknerådet som øvste organ. 31. desember 2018 var det registrert om lag 700 medlemmar i Bykle sokn, i følgje medlemsregisteret til Den norske kirke. 72 % av folketalet i kommunen var medlem av Den norske kirke og 7,8 % var medlem i andre trus- og livssynssamfunn per 2016 (SSB).

Soknerådet bestod i 2018 av seks valde medlem og soknepresten. I tillegg møtte 1. vara fast. Kommunen sin representant er til stades for å vere bindeledd mellom soknerådet og kommunen, og har røysterett når soknerådet handsamar saker av fellestrådskarakter (økonomi, bygningar, kyrkjegard, personale). Kyrkjevevja er sakshandsamar og sekretær for soknerådet, med tale- og forslagsrett. Kyrkjevevja har det administrative ansvaret for den daglege drifta, og utfører arbeidet saman med andre kyrkjeleg tilsette og friviljuge.

## Medlemer i soknerådet 14.09.2015 - 2019

Else Gyro Rysstad (leiar frå 1.11.15)

Signe Lillemo Mundal (nestleiar frå 1.11.15)

Bernt Einar Berntsen

Kjell Hagestad

Berit Follerås

Brigitte Haugen

Tom Martin Berntsen (frå 27.8.17)

Knut Inge Repstad (varamedlem)

Ryszard Gosciniak (varamedlem)

Kari Hovden Hoslemo (kommunestyrerepresentant, AP)

Thoralf Hildebrandt (kommunestyrerepresentant, KrF)

## **Handsama saker i sokneråd:**

År	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002
Handsama saker	58	28	33	38	33	26	37	61	51	45	34	43	54	47	46	48	43

## **Utval og nemnder:**

- **Arbeidsutval:** Soknepresten, kyrkjevevja, leiar og nestleiar av soknerådet. AU førebur soknerådsmøta og avgjer mindre saker. AU har oftast møte i forkant av soknerådsmøta.
- **Soknerådsarbeid**
  - Trusopplæringutval: Rønnaug Torvik, Ragnhild Hoslemo og Brigitte Haugen. Kyrkjevevja har vore sekretær. Sokneprest møter ved førespurnad.
  - Diakoniutval: Elin Dypedal, Aud Skagestad, Signe Lillemo Mundal og Bernt Berntsen.
  - Misjonsutval: Kjell Hagestad, Ole Morten Egeland og Laila Rysstad
  - Bibelkontakt: Else Gyro Rysstad og Knut Rysstad
  - Kirkens Nødhjelp-kontakt: Signe Lillemo Mundal
  - Representant i styre Bykle og Fjellgardane barnekor: Else Gyro Rysstad
- **Fellesrådsarbeid**
  - Utval for monument minnelund Bykle kyrkjegard  
To medlemer oppnemnd av soknerådet: Ingrid L. Berntsen og Magnhild Bjørnarå.  
Kyrkjevevja deltek i arbeidet.

## **2. Tilsette og personalansvar**

**Kyrkjeleg fellesråd hadde i 2018 direkte arbeidsgjevaransvar for 1,16 årsverk fordelt på 3 tilsette:**

**Kyrkjevevje:** Tor Hallvard Mosdøl, 60 % og kyrkjelydsarbeidar 40 %. Han har i 2018 vore sjukemeldt frå mesteparten av stillinga. Karin Bøe har vikariert noko på timebasis i fyrste del av året. Etter det har arbeidsoppgåvene blitt taka hand om av soknerådsleier Else Gyro

Rysstad med god hjelp får Anne Ringstad, kyrkjevevja i Valle. Det vart lyst ut vikar for kyrkjevevja/kyrkjelydsarbeidar i 100 % i november, og Truls E. Thonhaugen – som har vore kyrkjevevje her tidlegare er på plass frå midt i januar 2019.

**Klokkar/kyrkjetenar:** I Bykle er stillinga på 12%. Stillinga inneberer ansvar for gudstenester i Bykle. I tillegg konsertar, kyrkjelege handlingar og andre arrangement i alle tre kyrkjer. Knut Rysstad som har vore i stillinga i mange år, slutta i november og Thor Bernhard Sagland blei tilsett.

**Klokkar/kyrkjetenar:** Etter nokon år med midlertidig ansettelse er nå Ryszard Gosciniak ansatt i 4% stilling i Fjellgardane kyrkje

**Soknerådet hadde i 2018 samarbeidsstillingar tilsvarande 0,8 årsverk fordelt på 3 tilsette:**

**Organist/kantor:** Vi har samarbeid med Valle om organiststillinga og kan difor ha organist i 100% stilling. Henrik West har hatt permisjon høsten 2018, og Knut Olav Uppstad har spelt ved dei fleste kyrkjelege handlingane i Bykle kyrkje og i Fjellgardane kyrkje.

**Ungdomsleiar:** Med statleg løyving til trusoppføring har Valle og Bykle også samarbeida om ein ungdomsleiar. Martin Wikstøl har vore ungdomsleiar men slutta i stillinga seinsumaren.

#### **Samarbeidsstilling i prostiet – prostidiakon i Otredal**

Stillinga er finansiert av sokneråda i Otredal prosti (ti sokn til saman i kommunane Vennessla, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle) og statlege midlar. Bykle sokn sin del utgjer 15 prosent.

Anna Heggland har vore prostidiakon sidan 1. august 2014. Ho slutta i stillinga i 2018, og ein arbeidar no med å finne vegen vidare både med stillinga og samarbeide i prostiet.

#### **Sokneprest, tilsett av bispedømerådet**

Tom Martin Berntsen har vore sokneprest til i september 2018, og samarbeida med Martin Wikstøl om konfirmantane. Frå september har prost Gunnar Ellingsen vore fungerande sokneprest.

#### **Generelt**

På grunn av stor ustabilitet i staben med sjukemeldingar og oppseiingar har det ikkje vore regelmessige stabsmøte i 2018

Staben er liten og sårbar ved vakanse. Fleire sjukemeldingar i kyrkjestab dei siste åra har ført til eit auka fokus på dette i sokneråd/fellesråd - som er arbeidsgjevar for dei i kyrkjestaben som er tilsett av Kyrkjeleg fellesråd.

### **3. Kyrkjelydsarbeid**

Kvart år fyllast det ut kyrkjeleg årsstatistikk, som er med å danne grunnlag for nasjonale statistikkar. Dei kyrkjelege handlingane som dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferder ligg på eit stabilt nivå ut frå folkesamansettinga i Bykle.

## Kyrkjelege handlingar:

År	Dåp	Konfirmasjon	Vigsel	Gravferd
2014	6	16	1	11
2015	5	9	3	6
2016	5	10	5	4
2017	8	7	6	3
2018	4	8	2	6

## Gudstenester:

Alt i alt blei det halde 38 gudstenester i Bykle sokn i 2018.

Besøktal frå gudstenester ved påske og jul i Bykle:

Gudsteneste	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Skjærtorsdag	67	90	120	166	83	75	66	80	85	50	85	90
1.Påskedag	120	90	100	150	145	100	115	92	125	80	190*	178*
Julaftan	130	200	210	290	250	240	580*	472*	510*	565*	540*	550*

Gudsteneste	2015	2016	2017 B/F	2018 B/F
Skjærtorsdag	86*	126*	60/75 = 135	34/41 = 75
1.Påskedag	209*	172*	91/77 = 168	62/150/73 = 285
Julaftan	658*	578*	355/444 = 799	506 + 320 = 826

(Tal merka med stjerne gjeld både Bykle og Fjellgardane)

Besøktal alle gudstenester 2018 i Bykle sokn

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Bykle sokn	2198	2874	2662	2904	2378	2916	2788	2833

Faste gudstenester og kyrkjelege arrangement er gjennomført i Bykle i 2018:

- Familiegudstenester
- Skulegudstenester
- Konfirmasjonsgudstenester og samtalegudsteneste med konfirmantane
- Helgemesse med minning av dei døde
- Ljosmesse/jolekonsert i adventstida, med deltaking av konfirmantane
- Høgtidsgudstenester (jol og påske)
- Gudsteneste på nasjonaldagen



- Friluftsgudsteneste
- Dokketeateret Kirkerottene, med utdeling av bøker til 4- og 6-åringar

Soknerådet og andre friviljuge er kyrkjevertar og sørgjer for kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene.

### **Møte og samlingar:**

Ut over gudstenestene organiserer soknerådet noko opplæringsarbeid og møteverksemd mynta på vaksne. Organisasjonane, særskilt Normisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM), har seks til åtte møtehelger/veker i året til saman. Normisjon har møta i Bykle kyrkje og NLM både i bedehus og kyrkje. Det er også ein pinsekyrkjelyd i Bykle som har ein del møte.

Soknerådet arrangerer juletreffestar både i Bykle og Fjellgardane. I Bykle er festen på samfunnshuset, og på Hovden er den på grendehuset. Soknerådsmedlemer steller i stand. Både juletreffestane vart vellykka i 2018.

I Bykle er det to bibel/samtalegrupper i sving med regelmessige samlingar. Kyrkjelyden sitt årsmøte for 2017 var i Bykle kyrkje etter gudstenesta søndag 11. mars.

### **Konsertar, musikkandaktar, musikk gudstenester med meir:**

Organist/kantor Henrik West har hatt permisjon høsten 2018. Organisten har ansvar for planleggjing og gjennomføring av det musikalske innhaldet i gudstenester, vigslar, gravferder, konsertar og andre kyrkjelege arrangement i regi av soknerådet. Organisten har og vore med soknepresten som pianist på Bykle aldersheim. Vidare bidreg organisten ved ulike arrangement i samband med trusopplæring. Organisten samarbeider godt med lokalt musikk- og kulturliv og trekkjer inn ressurspersonar til musikk/song i gudstenester og konsertverksemd. Elles visast det til organisten si vedlagte årsmelding.

### **Born/unge:**

Jamlege aktivitetar, der soknerådet bidreg i varierende grad:

- *Bykle KFUK-KFUM-speidarar* Sjå eiga årsmelding
- *Bykle og Fjellgardane barnekor.* Koret syng på gudstenester og andre arrangement. Soknerådet utnemner 1-2 representantar i styret for Bykle barnekor. I 2018 var det ca 20 medlemer, likt fordelt mellom Bykle og Hovden. Se eiga årsmelding.
- *Fjellgardane sundagsskule* og *Bykle sundagsskule.* Fjellgardane sundagsskule har hatt 5 samlingar, og i 2018 var det 7 medlemer i alderen 4-12 år. Sjå eiga årsmelding, og dei hadde 12 samlingar.



Bykle og Fjellgardane barnekor

**Soknerådet sitt arbeid**, som blir følgt opp av kyrkjestab og friviljuge:

Det er stort fokus på trusopplæring i Den norske kyrkja. Oppfylgjing av gamal/ny plan er ei utfordring ifht ressursar.

Tiltak som vart gjennomført i 2018:

- 4-årsbok til 4-åringar og 6-årsbok til 6-åringar saman med dokketeateret Kirkerottene
- Lys Vaken for 6. og 7. klassingane Sendt ut CD til 1-åringane

Både Tårnagentar og Lys Vaken vil bli arrangert annakvart år med to årstrinn, og vil difor bli arrangert igjen i 2019. Det er for å få fleire med på arrangementa av gongen.

Fra 1. Januar til 1. Juli 2018 hadde ungdomsleiar Martin skulelagssamling annenhver uke på Bykle skule. Antall elever på møtet var i snitt 15 stk. Programmet besto av andakt, konkurranser, og bøn. Annenhver uke vart det dessuten skipa te ungdomskveld – pizzahalleluja, i kirkekjelleren. Som navnet tilsier bestod kveldene av pizza og andakt i tillegg til leker, PlayStation og annen moro, og det møtte omtrent 10 ungdommer kvar gong..

### **Konfirmantarbeidet**

er eit satsingsområde for soknet. Soknepresten står for planleggjing og det meste av gjennomføring. Sokneprest og ungdomsleiar har stått for undervisninga. Også i år var konfirmantane med på **KonfACTION**, som er ein konfirmantleir (i regi av KRIK) med rundt 1000 deltakarar i Bø i Telemark. Leiren er obligatorisk og ein del av konfirmanttida. Soknerådet har også i 2018 dekt deltakaravgifta for konfirmantane. Foreldra er med i den praktiske gjennomføringa av leiren. Konfirmanttida inneheld 10 samlingar spreidd ut over skuleåret. Våren 2018 var det 8 som vart konfirmert.

Soknerådet dekkjer leiravgifter for born og ungdom som bur i Bykle. Formålet er at dei skal få trusstyrkjande opplevingar og kunnskap i større samanhengar. Tilbodet kan med fordel synleggjerast på heimeside og i Byklaren.

### **Diakoni:**



Diakonen, Anna Heggland har vore med i middags felleskap i Bykle kirke, hvor det har vore ca 40—50 innom på middagene. I vinterferien holdt ho åpent i Fjellgardande kirke på Hovden, der det ble servert vafler og kaffe. Det var på det meste 15 inne ein av dagene. Det har vore Lev vel gruppe i soknet. Dessuten var diakonen sentral på Diakoniens søndag, som var på allehelgensdag i år, og dessuten hatt andakter på Bykleheimen og hatt samtaler og besøk i heimane igjennom året.

Røresjef Per med assistent Dag og steikesjef Kjell

Både soknepresten og organisten har hatt jamleg andakt eller gudsteneste på Bykle alders- og sjukeheim.

### **Informasjonsarbeid:**

Kyrkjelydsbladet "Vegleiaren" har ikkje blitt gjeve ut i 2018. Det krev ressursar å lage bladet. Soknerådsleiarar i Valle og Bykle har tidlegare etterlyst frivillig engasjement (m.a. i Setesdølen) for å kunne halde fram med å gjeve ut bladet, men ein har ikkje lukkast med det.

Setesdølen skriv gjerne om det som skjer i kyrkjelyden. Kyrkjelyden vert også informert gjennom Byklaren, turistinformasjonen (Destinasjon Hovden), kommunen si heimeside, kyrkja si heimeside og kunngjeringar under gudstenester. [www.bykle.kyrkja.no](http://www.bykle.kyrkja.no) Facebook har blitt ein viktig kommunikasjonskanal. Kyrkja i Bykle og Valle har laga felles side, som har over 500 fylgjarar.

### **Misjonsprosjekt:**

I 2013 inngjekk soknerådet samarbeidsavtale med Stefanusalliansen om å støtte deira arbeid i Egypt. Det er hovudsakleg ofringar frå gudstenester som har gått til dette. Maggie Gobran står bak eit stort arbeid blant koptarar på «søppelfjellet» i Kairo. Det handlar om å gje born og unge hjelp og støtte til utdanning, eit sosialt nettverk og ballast til å klare seg i framtida.

Barnehagar og heimebesøk til fattige familiar står sentralt i arbeidet – som leiast av «Mamma» Maggie Gobran. Med seg har ho ein talrik flokk av oppofrande medarbeidarar. I 2014 gikk Valle og Hylestad sokneråd også inn i same prosjekt. I 2018 blei om lag 10 000 kroner overført til Stefanusalliansen.



### **Pilegrimsvandring:**

Det vart ikkje noko pilgrimsvandring i 2018, men ein håpar at dette kan takast opp igjen ved eit anna høve.

## **4. Kyrkjene**

Kyrkjebygga er i god stand. Tenesteytingsavtalen med Bykle kommune regulerer drift og vedlikehald av bygningane.

Det er framleis behov for eit større og betre kjøkken og noko større kyrkjerom i Fjellgardane kyrkje, men ein har ikkje fått gjennomslag i budsjettforslaget som me har presentert for kommunen

Bykle gamle kyrkje er ope delar av sommaren for turistar. Setesdalsmuseet IKS har gjennom Bykle kommune ansvar for omvising. I 2018 var kyrkja open i juli samt og noko i juni og august og Setesdalsmuseet tek også på seg omvising på førespurnad.

Det er dessutan etablert ein digital guide med video og tekst, som kan brukast via mobiltelefon ved Bykle gamle kyrkje (samarbeidsprosjekt Bykle sokn, Setesdal regionråd og Setesdal IKT). Sidan kyrkja har avgrensa opningstider er detta



**Gamlekyrkja fyller 400 år i 2020**

ein måte å guide turistar på, til alle tider av døgnet. Guiden finn du og på internett:  
[www.laguide.no/Bykle](http://www.laguide.no/Bykle)

## 5. Kyrkjegardar

Bykle kommune har, gjennom tenesteytingsavtalen, ansvar for vedlikehald av kyrkjegardane. Det er god kapasitet på kyrkjegardane i soknet.

## 6. Økonomi

Etter kyrkjelova §15 får kyrkja det meste av midla sine frå kommunen. Noko kjem frå egne inntektskjelder. Rekneskap for 2018 er avlagt, men enno ikkje revidert. Bykle sokneråd har eit årleg driftsbudsjett på om lag 1,96 millionar kroner. I tillegg kjem midlar til eingongsinvesteringar. Løyvinga frå Bykle kommune har dei siste åra omtrent stått stille. I realiteten utgjer det ein nedgong, grunna prisstigning og lønnsauke.

Grunna sjukemeldingar og vakante stillingar ser me ut til å få eit greitt overskott i 2018. Det vil vi søke om å få overført til fond, som vi kan bruka av seinare. I et vanleg år brukar me omlag 1,35 millionar til løn, godtgjersler og honorar med tilhøyrande utgifter. Av det resterande går om lag ein halvpart til drift av kyrkjene, som straum, forsikring og vedlikehald, og ein til kyrkjelydsrelaterte aktivitetar som trusopplæring (mellom anna KonfACTION), gudstenester, konsertar med meir.

Frå 2014 har Bykle sokn, og Valle og Hylestad sokn årleg motteke statlege trusopplæringsmidlar. Midlane disponerast til felles ungdomsarbeidar i prosjektstilling.

Sommarkonsertane i Bykle og Valle i 2018 vart sponsa med 56.000 kr av Valle Sparebank, Bykle kommune, Valle kommune, Valle Folkeakademi, Destinasjon Hovden, Hovden Alpinsenter, Sparebanken Sør og Otra Kraft.

Soknerådet har også noko inntekter på offer og kollekt i kyrkjene.

Ofringar (tal i heile tusen)	Totalt beløp ofringar (ordinære i kyrkjene)	Andel av ofring til eige arbeid	Andel av ofring til Misjonsprosjekt Stefanusalliansen	Fasteaksjon (Kirkens Nødhjelp)
2010	90.000		15.000	20.000
2011	66.000		6.000	24.000
2012	74.000	7.000	-	20.000
2013	79.000	9.000	-	21.000
2014	70.629	9.702	-	-
2015	64.595	26.426	25.385	10.432
2016	67.000	7.500	21.000	14.638
2017	108.000	13.943	39.557	14.460
2018	78.347	37.685	9.990	8.800

## 7. Planar for 2019 og framover

Kyrkjelydsarbeid

- Arbeide for å rekruttere fleire frivilljuge til leiararbeid i speidar, sundagsskule og trusopplæring generelt.

- Arbeide med å tilsette ny ungdomsarbeidar, eventuelt ungdomsdiakon.
- Vurdere strategiprosess for korleis kyrkja skal auke oppslutning om gudstenester og arrangement

### **Arbeid med kyrkjebygg og kyrkjegardar**

Bykle gamle kyrkje har 400-års jubileum i 2020. Me vil difor sørge for at gamlekyrkja er i god stand til jubileet.

Dessutan fortsetter vi å arbeide med:

- Ferdigstille arbeid med eigedomsforholda i samarbeid med Bykle kommune
- Prosjektare installasjon av varmestyring i kyrkjene
- Legge alle graver på kyrkjegard ved Bykle kyrkje inn i Ecclesia gravadministrasjonsprogram
- Utarbeide framlegg til felles monument Bykle kyrkjegard
- Vurdere løysing for høgare gjerde rundt Bykle gamle kyrkje
- Vurdere kva som skal skje med Fjellgardane kyrkje

### **Kyrkjestab**

2018 har vore eit unntaksår med mykje sjukemeldingar, oppseiingar og vakansar både på prestesida og på Fellesrådssida. Ein må fortsatt arbeide for å få ein stabil stab og ein god fordeling av oppgåver mellom ansatte og friviljuge.

Organist Henrik West er tilbake i full stilling frå hausten 2019, men me må fortsatt arbeide med å få både diakon, ungdomsarbeidar og kyrkjevevja på plass att.

### **8. Takk**

Det er mange som bør takkast for god innsats i kyrkjelyden i 2018. Bykle sokn er ein liten kyrkjelyd med tilsvarande liten stab. Mange har gjort ein god jobb på med forskjellige oppgåver i kyrkjelyden, og det skal dei ha takk for. Utan friviljug innsats gjeng det ikkje an å drive mykje arbeid i soknet.

Takk også til medlemmane i soknerådet for jobben dei har gjort i møte, ulike utval og andre oppgåver. Takk også for engasjement og innsats frå dei tilsette. Takk også til kyrkjevevja i Valle, Anne Ringstad for god hjelp.

For Bykle sokn

Else Gyro Rysstad,  
Soknerådsleiar

Truls E. Thonhaugen  
Kyrkjevevje

### **Vedlegg:**

1. Årsmelding organist Henrik West
2. Årsmelding Prostidiakonen i Otredal
3. Årsmelding Fjellgardane sundagsskule
4. Årsmelding Bykle KFUK-KFUM
5. Årsmelding Bykle barnekor

## *Års rapport fra prosti diakonen*

**Innledning:** «Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Det er evangeliet i handling og uttrykkes gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet». Dette er Den norske kirkes og også menighetenes definisjon av diakoni. Den viser klart at diakoni ikke bare er noe som diakonen, diakoniuvalget og noen spesielt interesserte driver med. Diakoni er hele menighetens ansvar! Og alle, både vi i stab og frivillige vi er så heldige å ha mange muligheter til å prege menighetens ulike virksomheter med diakonale holdninger og handlinger. Men vi må også oppmuntre hverandre til å bli bedre og nå lenger ut.

**Bykle menighet:** Jeg har fått glede av å være med i middags felleskap i Bykle kirke, det har vært et godt møte sted gjennom året. Det har vært ca 40–50 som har vært innom på middagene. I vinter hadde ferien jeg åpent i Fjellgardande kirke på Hovden, der det ble servert vafler og kaffe. Det var på det meste 15 inne en av dagene. De har vært Lev vel gruppe som har vært en åpen gruppe i året som gikk, der vi har samtalt ut i fra Korsvei sitt hefte «Spor». Diakonens søndag var på allehelgensdag i år. Jeg har hatt 5 andakter på Bykleheimen og 12 samtaler og besøk igjennom året.

**Valle/Hylestad menighet:** Jeg hadde tema kveld i Valle. Så var jeg med på avskjed for tros opplærer Martin Wikstøl og organisten Henrik West. Så har Valle fått Sæbygjaren, med den vakre Kyrkje stova og bibliotek, som ble innviet i høst. Da fikk jeg være med å servere vafler på kirkekontoret. Jeg var og så med på kirkerottene, samling for 4 og 6 åringer i Valle kirke. Den syriske middagen som våre nye landsmenn stelte i stand, ble en fest for hele bygda. Diakonens søndag var på allehelgensdag i år. Jeg har hatt 5 andakter på Valle heimen, og 25 samtaler og besøk.

**Bygland menighet:** Jeg var med på samling på Byglandsheimen med Vonheim koret. Og vært med på samling på Byglandsfjord, et samarbeide med bygdekvinnelaget om våre nye landsmenn. Har vært med andakt i Grendi, og med på juleavslutning i Åraksbø. Diakonens søndag var i år i Sandnes kirke i Åraksbø. Jeg har hatt 2 andakt på Byglandsheimen, og 25 samtaler og besøk.

**Evje/Hornnes menighet:** Vi har i år hatt samarbeide med Normisjon, og Elim om flerkulturell kafe (KIA) på Furuly, siste søndagen i måneden. Det har vært utrolig god oppslutning (40-60) både voksne og barn, de har vært fra 10 ulike nasjoner. Der de får mulighet til å bli kjent med nye, og snakke norsk. Jeg har også vært med på Elders hygge treff på Hornnes bedehus. Sammen med prest Kristine Borgen hadde vi en undervisning på Evjeheimen, for de ansatte om beboernes rett til åndelig omsorg. Det ble kun 2 samlinger i Fengselet, sammen med 2 frivillige. Siden april har det vært en bygge plass frem til nytt Fengsel står ferdig til sommeren 2019. Diakonens søndag var i år i Hornnes kirke. Jeg har hatt 3 andakter på Hornnes heimen, og 3 på Evje heimen alene og 2 sammen med diakoni utvalget. Det har blitt 59 samtaler og besøk.

**Iveland menighet:** Jeg har hatt 2 temakvelder. Jeg hadde en samling med konfirmantene der jeg hadde om diakoni. Jeg var med en gruppe av ansatte i barnehagen i kommunen til Stine-Sofie stiftelsen i Grimstad. Der fikk vi omvisning på senteret og info om arbeide de gjør. Diakonens søndag var i mars. Jeg har hatt 4 andakter på Ivelandsheimen og 14 samtaler og besøk.

**Hægeland menighet:** Jeg deltok med tema på jentenes «suppe, trend og tro samling». Og sammen med diakoni utvalget hatt 2 andakt på stua og heimen. Julegave treet stod på julemarked i Hægeland i 2 dager og sammen med diakoniuvalget var jeg med der. Diakonens søndag var i april. I

Oppfølgingstjenesten til pårørende ved dødsfall ,har det vært 2 samlinger i år da sammen med Øvrebø. Jeg har hatt 3 andakter på Hægeland's heimen og 10 samtaler og besøk.

**Øvrebø menighet:** Jeg har vært innom strikke kafe som samles på kirke stua. Diakonien's søndag var i juni. Oppfølgings tjenesten er i sammen med Hægeland på sine 2 årlige samlinger. Det har vært 14 samtaler og besøk og 1 soknebud.

**Vennesla menighet:** Jeg har hatt 2 møter med oppfølgingstjenesten. En temakveld på menighetshuset og sammen med diakoni utvalget vært med på 4 samlinger på stua og hatt andakt en gang. Deltok på 1.mai gudstjeneste der jeg fortalte om diakon.. Godhets uka i mai hadde vi i diakoni utvalget byttemarked en dag . Jeg hadde andakt og var med «vi over 60» på dagstur til Lyngdal på forsommeren. Deltok på konfirmant leiren på Lista som sykepleier for Vennesla, Øvrebø, Hægeland og Torridal. Diakonien's søndag var i år i september med pilgrims vandring. Det var en god gjeng som vandret i regnvær fra Hagen til Jerusalem. Når vi kom til kirka stod diakoni utvalget med frukt og drikke til oss. Vi har et samarbeide menighetene imellom med å ha samlinger gjennom året på Døblebakken. I år hadde vi felles førjulsfest med kake og der vi sang julesanger sammen. I gjennom Frivillighetssentralen har jeg vært med å deltatt i arbeide med aktiv seniornettverk og tema på samlingene med besøks vennene. Deltok på Årsmøte til frivillighetssentralen, deltok også på den nasjonale konferanse som de arrangert i Vennesla. Tema var «leve hele livet – sammen.» Der de har jobbet frem metode «aktive sammen». Julegavetreet har i år som i fjor har vært ett fantastisk tiltak der mange frivillige har vært med å stått ved stallen. Der vi gjennom det kan være med å gi en gave til de som ikke har alt. Jeg har hatt 2 andakter på Vennesla heimen og 52 samtaler og besøk.

**Påfyll:** Alle diakoni utvalgene var samlet på Hægeland's menighetshus i september. Tema den gode samtalen med Arne Tord Sveinall. Der en fra diakoni utvalget i den enkelte menighet i Otredal prosti fikk fortelle om sine diakonale tiltak. Jeg har hatt ABV veiledning i år.Vært på samling med diakonene i Agder og Telemark bispedømme, diakonene i Kristiansand, og Aust Agder. Stiftsdagene som var i Kristiansand. Fagdag om skam, integrering av flyktninger og kriseteamet . Jeg har deltatt på sorg kurs på Sjelesorg instituttet.

I høst har jeg vært med å lede en sorg gruppe ,det er sorg og omsorg et fellestiltak som diakonene driver i Kristiansand. Og som er et tilbud som også Otredal prosti kan gjøre seg nytte av.

**Takk:** Diakoni utvalgene, alle de frivillige, og ansatte i alle menighetene har jeg hatt stor glede av å samarbeide med. Tusen takk til den enkelte av dere det er en stor glede at jeg fikk være sammen med dere og alt dere har fått bety for meg. Det har blitt mange avskjeder den siste tiden og det er underlig å ta avskjed med alle de som jeg har blitt kjent med og glad i gjennom disse årene. Jeg er veldig takknemlig at jeg fikk jobbe som diakon i Otredal. Jeg er glad vi har fått 2 vikarer inn i stillingen fra første dag. Jeg sitter nå og skriver min siste årsrapport. Jeg har ofte hatt et ord eller en tanke som jeg går inn det nye året med. I januar 2018 var det «**Begynn dagen med å takke**» det er et sydd bilde som henger hjemme på kjøkkenet mitt. Det er en viktig påminnelse og det gjør noe med oss alle, når vi begynner og gjennom dagen kan rette vår takk til « **Jesus Kristus ,som er i går og i dag den samme ja til evig tid**» .

Med vennlig hilsen

Anna Heggland prosti diakon

Røyknes, 15. januar 2019

# Årsmelding kirkemusikk i Bykle sokn 2018

Mens 2017 var preget av mange ekstra og til dels store arrangement i tilknytning til både bispevisitas og feiringen av reformasjonsjubileet, ble 2018 et år der det primært var de faste oppgaver som sto i fokus.

Gudstjenester, vigsler og gravferder er en fast del av organistens hverdag. Arbeidet med å finne fram og øve opp musikk som egner seg til de kirkelige tjenestene, tar tid og må prioriteres, dersom en skal bevare friskhet og liv i orgelspillet. Det er viktig å bevare kreativiteten slik at det ikke bare blir rutine.

Som tidligere år har jeg også besøkt Bykleheimen cirka annenhver uke, dels for å spille på andakter, dels for å bidra med sang og musikk på dagsenteret. Det oppleves fortsatt veldig meningsfullt å bidra med noe som skaper glede og variasjon i livet til de eldre på heimen og i bygda.

Når det gjelder konserter, har aktiviteten blitt videreført som tidligere år. I sommeren 2018 ble det for tredje gang gjennomført en felles sommerkonsertserie for Valle og Bykle. Den besto av sju konserter med et samlet budsjett på ca. 80.000 kr. Utgiftene ble dekket av bidrag fra Bykle og Valle sokn (20.000 kr.), sponsorer (56.000 kr.) og kollekter. Det var fri entré på konsertene, og det kom i gjennomsnitt 35 publikummer på konsertene – en nedgang som utvilsomt skyldes de usedvanlig fine sommerværet. Publikum var en fin blanding av lokale, hyttefolk og turister. Programmet var som de to foregående årene ganske variert med både «klassisk» og «rytmisk» musikk og norsk folkemusikk hvilket også i år har fått mange positive kommentarer. En ny konsertserie i sommeren 2019 er allerede under planlegging.

Jeg fikk bevilget et års permisjon fra 9. aug. 2018, og i mitt fravær har Knut Olav Uppstad vært organist på mesteparten av gudstjenestene og de kirkelige handlingene. Etter et midlertidig opphold i Danmark der jeg har jobbet som organist i Fønnesbæk kirke i Ikast, er jeg fra 1. aug. 2019 tilbake i Valle og Bykle som organist.

26. februar 2019  
Henrik West  
Organist i Valle og Bykle

Vedlegg: Oversikt over konserter – se neste side!

# Konsertar i Bykle sokn 2018

## Påskekonsertar:

palmesundag 25. mars: Konsert med Olav Mosdøl og Gunstein Draugedalen (Bykle k. kl. 19.30)

langfredag 30. mars: Jesu liding og død i ord, tonar og bilete (Bykle kyrkje kl. 20.00)

påskelaurdag 31. mars: Konsert med Tidløs (Fjellgardane kyrkje kl. 19.30)

## Sommarkonsertar – onsdager kl. 19.30:

27. juni: Den nye Oslo Trio – Valle kyrkje

4. juli: Kulturpatrulja – Bykle gamle kyrkje

11. juli: Tina Lynderup (m. akk.) – Hylestad kyrkje

18. juli: Inger Lise Stulien (m. akk. Knut Kjetil) – Fjellgardane kyrkje

25. juli: Marcus André Berg (orgel) – Valle kyrkje

1. august: Anda – Fjellgardane kyrkje

8. august: Elsebeth Lütcherath (orgel) og Kari Ingelsrud (klarinet) – Bykle kyrkje

## Julekonsertar:

Laurdag 15. des.: Julekonsert med Kim André Rysstad (Hovden Grendehus kl. 17.00)

Sundag 30. desember: Julekonsert med Inger Lise Stulien (Fjellgardane kyrkje kl. 19.00)

## FJELLGARDANE SUNDAGSSKULE 2018

Dette året hadde me 8 betalande medlemmer. Dei var i alderen 4-13 år. Me har også hatt innom 7 andre born på søndagsskulen og i tillegg har det kome andre når me har større arrangement. Medlemene vert registrert i focusnet for Søndagsskolen Norge.

Me har hatt 5 samlingar. Dei fleste er i kyrkja om søndagane frå kl.1030 til 1200.

Sundag før påske var me ved Røyrvikåsen i det skileikeområdet på ski og hadde **påskevandring**, bål, pylser, natursti og premieutdeling. Dette var i samarbeid med speidarane, Bykle KFUK-KFUM. Her var me om lag 11 med smått og stort.

Før påske sa hjelpeleiaren Ragnhild Lamark at ho ikkje ynskte å vere med meir. Merete Egeland tok over kasserarjobben og har hjulpet noko. Men sidan ho har vore i studie og underteikna også har studert vart det ikkje fleire vanlege søndagsskulesamlingar i 2018.

**Adventssamling:** Sidan denne plar kollidere med adventsfesten i Bykle, prøva me i år å ha det andre søndag i advent. Det vart då des kl. 15-17. Det vart samling kring joleevangeliet, pynta joletreet (som vert bruka til skule-og barnehage-gudstenesta, i gravferda til Elna Holen, og jolekonserten med Inger Lise Stulien), så var det risgraut, saft, kaffe, mandariner og pepperkaker. Merethe ordna med jolekortlaginga og Else Gyro hadde ein enkel engel. Det vart ei flott familiesamling i førjoltida. Me var 17 (10 ungar, 7 vaksne).

Me er også med og arrangerer **joletreffesten**, sjølv om det eigentleg står i soknerådet sitt namn. I år var det laurdag 29.des/5.joledag. Me rigga til bord og stolar i foajeen ettermiddag før. Handla inn laurdag og so var det fest mellom kl.1700 til ca.1900. Prøva noko tidlegare, men det var nok noko problem med reklamen, for nokre kom kl.1730 fordi det stod hjå destinasjon Hovden. I år kom det ca. 35 og me hadde nok nissegåver i år. Ryszard Gosciniak spela el-piano og Sigrid Haugsgjerd og Mai Sadia Thein song to jolesongar for oss. Det var bygdefolk og hyttehovdarar som kosa seg med stolleik og twistleik. Else Gyro med hjelp av Sigrid og Mai Sadia og lappar til nokre av dei som kom las joleevangeliet og tankar kring det. I år var det også god song rundt joletreet. Og nissen var spenstig som stilte opp på stutt varsel/ Sverre Bjørn Lidtveit. Nokre hyttefolk nytta sjansen til å fotografere borna saman med nissen. Mange var med og rydda etterpå, so det gjekk veldig greitt. Berit Follerås var kjøkkensjef.

Kontingenten er kr.50,- for å få tilskot frå Frifond. Alle medlemene må registrerast i focusnet/database via Søndagsskolen Norge. Me kan også registrere dei som kjem innom ein eller nokre gonger og ikkje betaler.

I år har me vore i styret: Ragnhild Lamark (kasserar og ansvar for bitetid-mat, fram til mars), Merete Egeland (frå mars, kasserar og handle-inn-sjef) og Else Gyro Rysstad (leiar og ansvar for opplegg).

# Årsmelding for 2018, Bykle KFUK-KFUM-speidarar

## Målsetting:

Speidaren er tilslutta og jobbar etter Norges KFUK-KFUM-speidarar sin føremålsparagraf:

«Norges KFUK-KFUM-speideres mål er å fremme og drive et speiderarbeid for å hjelpe barn og unge til å utvikle en kristen tro og oppdra dem til ansvarsbevissthet, selvstendighet, samfunnsmessig engasjement, mellomfolkelig forståelse og respekt for naturens verdi.»

## Program og medlemmer i 2018

Speidaren hadde pr. 31.12.2018 12 medlemmer, av dei er 3 vandrarar, 4 roverar + assistentar og leiarar. Vi har i 2018 hatt fokus på deltaking og møte med speidarar utanfor Bykle, inkludert deltaking på konkurransar og overnattingsturar. Nevner spesielt;

Roverane og patruljeførarane i Agder krets hadde 18-20 januar **ting** (Rover og Patruljeførerting) der dei låner Bykle kyrkje til overnatting og vi kunne delta på tinget og kveldsarrangement på laurdag og på søndag hadde dei Scouts Own i kyrkja.

**Kretsårs møtet** klara ingen å møte på i år.

Sundag 18.mars, før påske hadde vi samarbeid med Fjellgardane søndagsskule og samlast i Røyrvikåsen langrennsarenaen til grilling, **påskevandring**, natursti, premieutdeling og orientering. Vi hadde også **års møte** med sakliste, rekneskap og val ute i snøen.


Deltaking på **kvalifisering til NM** i speiding med patruljekonkurransar på bibelskulen i Grimstad 13-15.april. Dette er eit samarbeid mellom NSF og KFUK-KFUM speidarane på Agder og det var ca 100 speidarar som deltok i orienteringsløp, lage varmluftsballong, quiz med 100 spørsmål, matkonkurransar og førstehjelp. I tillegg blei samhold og samarbeid i patruljen samt orden i teltet vurdert og poengsatt under tevlinga. Heiderleg innsats resulterte i at vi ikkje kom på seiste plass i år, og moro var det med alle dei ulike oppgåvene, treffe og bli kjent med nye speidarar frå heile Agder.



Stappa til taket for å få med alt utstyret.



Patrulje Fjellrev er klare til konkurranse.



Patrulja skal lage hemmeleg oppgåve, damspel og pose til brikkane. Patruljeføraren hadde ansvar for å svare på alle spørsmål i kart-teorien samstundes som Trond og Knut Hallvard sprang orienteringsløypa i skogen.



Alle patruljane løyser teorioppgåve.



Morgonsamling med andakt og orientering om dagens program.




Lønsj i kantina for leiarane.

**Den store hendinga i 2018** var landsleir i Trondheim (Værnes, Hell, Lånke gard) frå 27.juni til 8.juli 2018. Vi var 10 påmeldte speidarar frå Bykle i lag med 5500 speidarar frå heile landet og 10 andre nasjonar. Vi stoppa innom Juvasshytta og Galdhøpiggen på veg til Trøndelag, då dette passa godt i høve til reiseruta. Men det vart ei tøff utfordring for alle saman med sterk kuling frå morgon til kveld denne dagen.



Pakkedag og mykje som skal med. Vi fekk låne tilhenger av Bjørnar og både den og bilen vart «stua» til taket. Vi reiste i to bilar for å få med alle. Stiv kuling første natta førte til at teltet bles ned klokka seks om morgonen før vi skulle gå opp til Galdhøpiggen.



Galdhøpiggen-tur med bre-førar og storm i vindkasta. Alle familiar med born vart bedne om å snu ein kilometer frå toppen av Galdhøpiggen på grunn av den kraftige vinden. Det var bare Roverane og Olav som fekk fullføre turen, men i tjukk tåke og null utsikt. Dagen etter var det godt ver og god utsikt til toppen frå parkeringsplassen på Juvasshytta. Den kan sjåast i midten bak speidarane. Men vi hadde ikkje tid til å ta ein ny tur for vi skulle vidare til landsleiren....



Haik på leiren høyrer med, noko låg stemning på start. Men med mange jenter på overnatting i skogen vart humøret på topp! (Sjølvs om myggen var ei «landeplage»)



**Leir-liv med mykje sol, godt og varmt på Hell. Opptak av Hans Einar, Erik og Olav Magnus som nye speidarleiarar.**



**Mykje nytt å lære på denne leiren. Fest og kake nesten kvar einaste dag, Bykle fann alltid ein grunn å feire. Max kos var motto og KAKE – KAKE – KAKE var leir-ropet vårt!**



**Roverane laga badstoge til stor glede for Bykle og gode naboar. Dei vann også rover-trekampen i hard konkurranse mot 90 andre roverlag frå heile landet. Noregsmeistrar frå Bykle med tillegg av Torgeir frå Grimstad og ein rover frå Mandal.**

**Kretsbannerkonkurranse** var på bibelskulen i Grimstad søndag 23.september. Tarjei og Trond blei køyrt til Grimstad av Laila laurdag morgon for å delta på eit patruljeførarkurs i forkant av konkurransen, medan Knut Hallvard og Olav kom på sundagen for å delta i konkurransen. Resultatet blei ein heiderleg 12.plass i konkurranse 16 andre patruljar frå Agder.



Trond og Tarjei fekk kursbevis for gjennomført patruljeførarkurs. Knut Hallvard inspiserer køyesenger på speidarvis.

I 2018, liksom i 2017, fokuserte vi på prosjektbasert speidararbeid der speidermøta våre vart målretta mot dei ulike arrangementa vi deltok på, NM-kvalifisering i Grimstad i april, patruljeførerkurs og kretsbannerkonkurranse i september i Grimstad.

Det største prosjektet i 2018 var landsleir på Hell ved Værnes i Trøndelag, i hop med ca 5500 andre speidarar frå heile Noreg den første uka i juli. Og det er årsaka til det store underskotet på kr 30.000 i årtes rekneskap. Vi var 10 påmeldte frå Bykle.

Speidarane har også selt speidarkalendrar både i Bykle og på Hovden før jul til inntekt for speidararbeidet. 2019 vil følgje same mal med prosjektbasera speiding og opplæring.

#### **Lokale:**

Dei fleste møta er ute. Oppmøteplass varierar litt ut frå aktivitet. Fjellgardane kyrkje, Hegni, Røyrvikåsen, samfunnshuset i Bykle, Bykle kyrkje, klubbhuset i lysløypa i Bykle har og vorte brukt. Dei fleste samlingane har vore på Hovden, ettersom dei fleste av borna bur her. Alt utstyret som vi eig er lagra i Bykle kyrkje som også er vårt hovudkvarter og vi er særst takksame for dei lokala som kyrkja stiller til rådighet i speidararbeidet.

#### **Økonomi:**

For 2019 vil vi fortsette på den same linja som i 2017 og 2018 og kontingenten ser ut til å bli kr 570,- der brorparten går til forbundet og kretsen sentralt, mellom anna til å dekke Speiderbladet 4 gonger i året og kollektiv ulykkesforsikring for speidarane. Det er blitt sentral innkreving av medlemskontingenten frå og med 2016.

Vi har fått god og heilt avgjerande støtte frå kulturmidlar i Bykle kommune (sterkt redusert bidrag for 2016, 2017 og 2018) og Valle sparebank, frifondmidlar og grasrotandel frå Norsk Tipping. Alle speiderleiarane gjer alt speidararbeid på dugnad, i motsetnad til idrettslaga som betaler sine trenarar.

#### **Leiarar:**

Speidarleiarane har fungert som leiargruppe for speidaren i 2018:

Olav Skinnarland (gruppeleiar), Else Gyro Rysstad (leiarassistent), Tor Erling Skinnarland (roverleiar).

Vi takkar Bjørg Vatnestrøm som kasserer gjennom mange år og Olaug Dahl for revidering av rekneskapen.

Bjørg Vatnestrøm, Laila Rysstad og Olav Skinnarland sit som offisielt styre for speidargruppa og tok attval på vårt årsmøte i Fjellgardane kyrkje 31.01.2019.

### **Drift og organisering:**

Bykle KFUK-KFUM speidarane har dei seiste åra ikkje vore i stand til å utføre det oppdraget Bykle Sokneråd gav speidaren i 2003, då soknerådet starta opp att speidaren etter nokre års pause. Soknerådet bestemte at speidaren skulle vere ein viktig del av dåpsopplæringsplanen og eit kristent tilbod til born og ungdom i Byke sokn, som neste steg mellom sundagsskulen konfirmant-tida.

Speidaren vart organisert gjennom soknerådet med kyrkjevevja som administrativ leiar og som heldt organisasjonen i saman lik som navet i eit sykkelhjul. Kyrkjevevja stod for kontinuitet i arbeidet, sjølv om speidarane kom og gjekk og leiaranen blei bytta ut i tur og orden etter kvart som ungane deira vaks til.

Kyrkjevevja var også heilt sentral i rekrutteringsarbeidet med brev og oppslag til elevar og foreldre i rette årsklassar, og i organiseringa av leiarar og speidararbeidet med årsplanar m.m.

Ein har i fleire år gjort forsøk med andre personar som administrative leiarar, men når dei sluttar etter kort tid er det vanskeleg med kontinuiteten og rekrutteringa. Ein har heller ikkje tilgang til dei administrative resursene som kyrkjevevja rår over i sitt daglege arbeid, og som er av stor verdi for speidararbeidet.

Det krevst ein del arbeid av speider-leiarane før, under og etter kvart enkelt speidarmøte eller speidartur. Dette fører til, at det å få frivillige foreldre/leiarar til å ta på seg omfattande organisatorisk papirarbeid i tillegg, stoppar opp. Etter ei viss tid sluttar dei, då det er for mykje jobb å vere med i speidaren som vaksen og det er få som ynskjer å binde seg til noko fast.

Speidaren har difor store utfordringar med stabilitet, kontinuitet og å rekruttere nok vaksne, og er difor i tvil om korleis ein kan klare oppdraget i forhold til trusopplæringa vidare. Utan kyrkjevevja si flittige gjerning ser det vanskeleg ut for ungdomsarbeidet. Ein ber om at soknerådet drøfter korleis eller kva rolle dei skal ha i forhold til trusopplæring av ungdom i framtida, og samarbeidet med speidaren i Bykle i så måte.

### ***Hovden 18.februar 2019, Olav Skinnarland, gruppeleiar***



Alle samla ved Bykle-tårnet med badstoga. Nokre roverar heng til turk.

## Årsmelding for 2018

## Bykle og Fjellgardane barnekor

### Målsetting og organisering:

Bykle og Fjellgardane barnekor har ein kristen føremålsparagraf. Koret har sitt eige styre og eigne vedtekter/statuttar.

På årsmøtet 22.mars var vi på Bykle hotell. Vi var 2 tilstades, Kari Hovden Hoslemo, Reidun Flaten vart valde inn i styret og Marcin Matysik som vara. Else Gyro har vore representant frå Bykle sokneråd. Dirigent for koret har vore Bjørg-Sissel Tveiten, som er løna av Bykle kommune gjennom kulturskulen. Ho har også møtt på styremøte.

Det er øving kvar veke i SFO-tida, både i Bykle og på Hovden. I tillegg har vi halvårsplanar for arrangement og turar/samlingar. I 2018 har vi hatt følgjande på programmet i tillegg til dei faste øvingane:

### Oversikt over koroppdrag 2018:

Feb: karnevalsgudsteneste Fjellgardane kyrkje

.des: Tenning av julegrana. Bykle samfunnshus

.des: konsert bygdeheimen (kun Bykle barnekor)

des: Julekonsert/ljosmesse i Bykle Kyrkje

17.mai: Bykle

.juni: Konsert bygdeheimen (kun Bykle barnekor)

.juni: Vårkonsert Hovden (avslutningskonsert for kulturskulen)

Oversikta kan vere noko mangelfull sidan dirigenten er sjukmeld etter nyttår 2019.

Det er alltid litt merkeleg dette med å setje tal på medlemmer, ettersom året går over to ulike semester. Våren 2018 er ulik hausten 201, ettersom det er eit heilt nytt semester og nye elevar har begynt på skulen, og andre har gått over i 5.klasse, då dei fleste sluttar. Også noko at nokre sluttar og begynner undervegs i året.

Ut ifrå haustsemesteret 2018 (vår 2018 var talet på medlemmer 22).

17 medlemmar til saman:

8 medlemmer frå Hovden.

9 medlemmer frå Bykle og omegn.

**Foreldrekontakt:** Foreldre har fått tilsendt halvårsplanar på e-post, samt brev i posten frå Bjørg-Sissel i samband med arrangement.

**Foreldremøte:** Hadde møte samstundes med at ungane trenar til ljossessa, søndag 16.des kl.16 i Bykle, kyrkjekjeddaren. Snakka om hygge-ettermiddag kring årsmøtet i mars, og at foreldra tenkjer ut forslag til tur.

### Økonomi:

Vi takkar Astrid K. Trydal for rekneskapsføring for koret og Rønnaug Torvik for revisorarbeid.

Hovden 6.mars 2018,v/Else Gyro Rysstad